



VINDAFJORD
KOMMUNE

Handlingsplan for busetting, integrering og kvalifisering av flyktningar i Vindafjord kommune 2024-2027



Innhald

Innhald	2
Innleiing.....	3
Overordna mål for arbeidet i Vindafjord kommune	4
Slik vil me arbeida med busetting, integrering og kvalifisering av flyktningar i Vindafjord kommune.....	5
Fagområde 1: Busetting	5
Fagområde 2: Helse	7
Fagområde 3: Kvalifisering og arbeid (vaksne)	10
Fagområde 4: Barnehage og skule	12
Fagområde 5: Familie og oppvekst	15
Fagområde 6: Fritid og samfunnsdeltaking.....	17
Felles fagområde	19
Fagområde 7: Tverrfagleg samarbeid	19
Fagområde 8: Kommunikasjon og bruk av tolk.....	20
Fagområde 9: Rasisme og diskriminering	21
Fagområde 10: Negativ sosial kontroll.....	22
Fagområde 11: Radikalisering og ekstremisme	22
Vedlegg	23
Definisjonar	23
Lenker til aktuelle lovar, strategiar og planar	25



Innleiing

Vindafjord kommune har busett flyktningar sidan 2006. Gamle Ølen kommune hadde erfaring med busetting sidan 1995, medan dette var nytt for gamle Vindafjord kommune ved samanslåinga i 2006. Vindafjord kommune har busett flyktningar dei fleste åra etter dette. Talet på busette har variert frå fem til 90. I tillegg har det kome familiesameinte med flyktningar. Tilkomsten av flyktningar svingar og blir påverka av globale kriser. Nokre år det kome flest flyktningar busett frå mottak, medan det andre år har vært eit fleirtal av overføringsflyktningar. 2022 og 2023 har vært år med rekordhøge busettingstal på grunn av flyktningar frå Ukraina med kollektiv beskyttelse.

Førre handlingsplan som omhandla flyktningar i Vindafjord kommune vart utarbeida for perioda 2020-2023. Ein handlingsplan skal synleggjera arbeidet med busetting og integrering i kommunen. Arbeidet med integrering av flyktningar er omfattande, skiftande og skjer på tvers av mange einingar i kommunen. For å sikra at alle involverte tenester er samordna på ein effektiv og føremålstenleg måte vil det vera naudsynt med ei revidering av handlingsplanen for perioda 2024 til 2027. Intensjonen med ein handlingsplan er å ha eit samla dokumentet som tar føre seg heile busettings-, kvalifiserings-, og integreringsarbeidet av flyktningar i kommunen. Ved å arbeida ut i frå felles definisjonar, mål og strategiar har kommunen eit godt utgangspunkt for arbeidet i perioda 2024 - 2027. Handlingsplanen er oppbygd slik at ein først får ei skildring av korleis ulike tenester arbeidar med flyktningar etter ulike fagområde, før ein får ei oversikt over utfordringar med tilhøyrande mål og tiltak for 2024 til 2027. Vedlagt til handlingsplanen finn ein definisjonar og nyttige lenker. Planen er revidert gjennom innspelsmøter for kvart av fagområda. Det vil vera naudsynt med eit kontinuerleg arbeid og evaluering av handlingsplanen gjennom heile planperioden.

Under handsaming av førre handlingsplan, vart det vedteke å greia ut eit mogeleg Integreringsråd. I 2022 var råd og reglement vedteke og starta opp. Integreringsrådet er samansett av tre representantar med innvandrarakgrunn og to representantar frå kommunestyret. Rådet skal ha ei aktiv rolle i integreringsarbeidet, for flyktningar og for andre innvandrarakgrunn.



Overordna mål for arbeidet i Vindafjord kommune

Det er Arbeids- og inkluderingsdepartementet som har det overordna ansvaret for integreringspolitikken i Noreg. Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) gjennomfører integreringspolitikken på departementet sitt ansvarsområde. Departementet kjem med ei rekke føringar og strategiar for korleis integreringsarbeidet skal gjennomførast. Fylkeskommunen har etter integreringslova det regionale ansvaret for integreringsarbeidet. Overordna finn ein og FN sine bærekraftsmål som kommunen jobbar for å imøtekomma når flyktningar blir busett i kommunen.

1 UTRYDDE
FATTIGDOM



3 GOD HELSE OG
LIVSKVALITET



4 GOD
UTDANNING



10 MINDRE
ULIKHET



17 SAMARBEID
FOR Å NÅ MÅLENE



Mål for busettings- og integreringsarbeidet i Vindafjord kommune er i tillegg til nasjonale føringar styrt av mål i kommuneplanen for 2017 - 2029. Vindafjord skal vera ein kommune der folk ynskjer å bu og ta del i arbeids- og samfunnslivet. For å oppnå dette krev det innsats og engasjement frå heile kommunesektoren og lokalbefolkninga.

Eit av satsingsområda i kommuneplanen er levande bygder. Dette gjeld også for busettings- og integreringsarbeidet. Vindafjord kommune har eit mål om ei årleg befolkningsvekst på 1%. Målet er at fleire skal busette seg i kommunen, og dette inkluderer arbeidsinnvandrar og flyktningar. Vindafjord kommune ynskjer å ha levande bygder i alle delar av kommunen. For å sikre god busetting av flyktningar i fleire bygder i kommunen må det leggjast til rette for dette. Det er eit mål at nybusette flyktningar skal leige på den private bustadmarknaden og at dei på sikt skal kunne kjøpe seg sin eigen bustad. Bustadsosial handlingsplan skal vera ein pådrivar for dette. For å sikre gode levekår er ein og avhengig av frivillige og eit raust lokalsamfunn som ynskjer å inkludera nybusette i bygda.

Eit anna mål i kommuneplanen er at Vindafjord kommune skal vera eit opent og inkluderande samfunn der alle har like rettar, plikter og moglegheiter for samfunnsdeltaking. Dette er og eit svært sentralt mål for integreringsarbeidet i kommunen. For å lukkast med integrering må kommunen tilby eit godt introduksjonsprogram som kvalifiserer deltakarane for arbeid eller utdanning som gi deltakarane moglegheiter for arbeid i både kommunal og privat sektor.

Det er også eit mål i kommuneplanen at enkeltmenneska i størst mogleg grad skal meistre eigne liv. Alle skal sikrast naudsynt hjelp og omsorg til rett tid. Busette flyktningar har rett til å nytta seg av dei eksisterande tilboda i Vindafjord kommune. Ved behov for tilpassa tenester retta mot flyktningar skal overgang til ordinære tenester vera eit mål. Vindafjord kommune bør ta sikte på å tidleg kunne tilby samordna tenester til personar eller familiar som har behov for oppfølging for å meistra eigne liv. Vindafjord er ein BTI-kommune. BTI-modellen skal bidra til tidleg innsats, samordna tenester og foreldreinvolvering for gravide, barn, unge og familiar som det er knytt ei bekymring til.

Alle einingar i kommunen er ansvarlege for busette flyktningar på same måte som dei er ansvarlege for andre innbyggjarar i kommunen. Likeverdige tenester handlar ikkje om å behandla alle likt, men om å ta omsyn til at folk er ulike og tilpassa tilbodet etter folks behov.

Ved busetting av flyktningar følgjer det med eit integreringstilskot for flyktningar i fem år etter busetting. Det er eit overordna mål at tilskotet skal dekkja dei gjennomsnittlege utgiftene kommunen har til arbeidet med busetting og oppfølging av flyktningane i inntil fem år.



Slik vil me arbeida med busetting, integrering og kvalifisering av flyktningar i Vindafjord kommune

Fagområde 1: Busetting

Oppmoding om busetting

Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) kjem kvart år med ei oppmoding til kommunane om busetting av flyktningar. Fylkeskommunane og KS medverkar i vurderinga av kor mange flyktningar som skal busettast i den einskilde kommune. Flyktningane blir fordelt til kommunane etter kriterium sett av Nasjonalt utval for mottak og busetting av flyktningar. Kor mange flyktningar IMDi ber kommunen om å busetta er avhengig av talet på flyktningar i asylmottak som ventar på å bli busett, talet på asylsøkarar som får opphald i Noreg og Stortinget si avgjerse på kor mange overføringsflyktningar Noreg skal ta i mot. Etter at kommunen har motteke oppmodinga blir det utarbeida ei politisk sak av kommuneadministrasjonen som skal avgjerast av kommunestyret. På bakgrunn av IMDi si oppmoding fattar kommunen vedtak om å busette eit bestemt tal flyktningar.

Oppmodinga frå IMDi skil ikkje mellom busetting frå asylmottak eller overføringsflyktningar, og den skil ikkje på nasjonalitet. Vindafjord kommune godtar avtalt sjølvbusetting. Dersom kommunen blir bedt om å ta i mot einslege mindreårige flyktningar blir dette spesifisert. Familiemedlem som får familieinnvandringsløyve blir ikkje busett gjennom IMDi og inngår ikkje i oppmodingstala.

Busettingsarbeidet






Hovudansvaret for sjølve busettinga av flyktningar i Vindafjord kommune ligg hos integreringstenesta ved NAV Vindafjord-Etne. Ved oppmoding om busetjing vil integreringstenesta finne passende bustad før busettinga skjer. Som hovudregel skal private bustadar nyttast. Kommunen leiger inn bustad medan me ventar på busetting, og formidlar så leigekontrakt mellom nybusette og huseigarar ved innflytting. Dersom det på førehand kjem fram at det skal busettast personar med store hjelpebehov eller andre utfordringar kan det blir søkt om kommunal bustad.

Det er visse føresetnadar som er avgjerande for kva bustadar som er aktuelle. Det er viktig med tilgang til kollektivtransport då innhaldet i introduksjonsprogrammet og andre kommunale tenester held til i Ølen sentrum. Ved busetting av barnefamiliar må det vera barnehage og/eller skule i nærleiken av bustaden. Det vil vera ein fordel med daglegvarebutikk i gangavstand frå bustaden.

Ved busetting av flyktningar i kommunen vil integreringstenesta på førehand kjøpe inn det mest naudsynte til bustaden, klede og noko mat. Det som blir kjøpt inn blir flyktingen sitt og kan takast med ved ei eventuell flytting.



Fagområde 1: Busetting

Utfordring 	Mål 	Tiltak 	Ansvar 	Tidsperiode 	Evaluering
<p>1. Ressursbehov</p> <p>Utgifter knytt til busetting av flyktningar svingar. Det skjer raske endringar som kan føra til at ulike einingar manglar ressursar for å kunne tilby tenester til nye flyktningar på ein god måte. Til dømes har skular og barnehagar budsjett ut i frå elevantal ein konkret dato i året.</p>	<p>1. Integreringstilskotet skal nyttast slik at ekstra utgifter til busetting av flyktningar blir dekkja, og går i balanse med summen på tilskotet.</p> <p>2. Kommunen skal ha god oversikt over inntekter og utgifter knytt til busetting av flyktningar, og det bør sjåast på ved kvart tertial.</p>	<p>1. Einingar som blir påverka av busettinga skal kunne tilpasse drifta i tråd med tilkomsten av flyktningar.</p> <p>2. Kommunedirektøren har fullmakt til å tilpasse drifta med bruk av inntekter frå integreringsfondet og ved å bruke ekstra tilskot utover budsjett.</p> <p>2. Kommunedirektøren si leiargruppa kan be om ei tverrfagleg behovsanalyse for å prioritera behova.</p>	<p>Einingsleiarar og kommunal-sjefar</p>	<p>2024-2027</p>	<p>Barnehage /skule: vanskeleg å få tilskot frå start.</p>
<p>2. Busetting i alle bygder</p> <p>Å finne høvelege bustadar i alle bygder som er lokalisert i nærleiken av skule, barnehage, butikk og tilgang til kollektivtransport er utfordrande. Dersom det er ei dårleg plassering ut i frå flyktningane sine behov skapar det praktiske utfordringar, og kan skape sosiale</p>	<p>1. Målsetting om at minimum 60% skal busettast utanom Ølen skal innarbeidast.</p> <p>2. Busetting skal kunne skje i alle bygder dersom det kan ivareta flyktningane sine behov</p> <p>3. Busettinga skal legge til rette for at flyktningane skal kunne leva eit godt, meningsfullt og sjølvstendig liv.</p>	<p>1. Sørgje for treffsikker busetting, slik at behova til den einskilde blir dekt der dei bur.</p> <p>2. Det skal bli busett fleire flyktningar i same bygd.</p> <p>3. I større grad nytta frivilligheita og grendalag i busettingsfasen.</p>	<p>Integrerings-tenesta</p>		<p>Ingen busetting i Vats og Imsland i 2024. Færre med bil gjer det vanskeleg å busette alle stadar.</p>



og mentale utfordringar. Fleire som har blitt busett i ulike bygder har valt å flytte til Ølen på eige initiativ.					
<p>3. Kollektivtransport</p> <p>Fleire bygder manglar kollektivtransport i fleire tidsperiodar. Dette hindrar integrering og at flyktningane klarar seg sjølv. Det hindrar deltaking i fritidsaktivitet, arbeid og utdanning og det vanskeleggjer akuttsituasjonar. Konsekvensane kan bli mistrivnad, låg sysselsetting og at flyktningar flyttar på eige initiativ.</p>	<p>1. Kommunen skal utgreie alternative transportløyisingar</p> <p>2. Synleggjera behovet for betre kollektivtransport i kommunen</p>	<p>1. Sette ned ei arbeidsgruppe som ser på ulike alternativ som kan løyse transportutfordringa for flyktningar, og potensielt andre innbyggjarar. Sjå på alternativ som til dømes hentebuss, frivillige sjåførar, kompensasjonsordningar, bruk av kommunale leasingbilar osv.</p> <p>2. Jobbe inn mot fylkeskommunen for å synleggjera behovet i kommunen.</p>	Integrerings-tenesta	2024	Ingen svar på brev sendt til kolumbus om behov for «hent-meg».

Fagområde 2: Helse

Flyktningar og familiesameinte har same rett til helsetenester som andre innbyggjarar i kommunen. Rettane omfattar både somatisk og psykisk helsehjelp frå kommune- og spesialisthelseteneste. Det vert tildelt fastlege kort tid etter busetting. Ved behov for samansett oppfølging skal tenestekontoret i kommunen bidra til å koordinera helsetenestene. Ved behov blir det oppretta ansvarsgrupper og/eller individuell plan.

Førstegongsundersøking

Ved busetting skal flyktningane og familiesameinte gjennom ei førstegongs helseundersøking. Førstegongsundersøkinga inneheld mellom anna tuberkuloseundersøking og vaksinekartlegging. I tillegg blir det gjort opp status på allmenn helsetilstand. Den obligatoriske tuberkuloseundersøkinga omfattar alle asylsøkarar og flyktningar, og andre nykomne som kjem frå land med høg førekomst av tuberkulose.



Hesledirektoratet tilrårder at kommunane tilbyr ei helseundersøking til alle flyktningar og familiesameinte for å kartlegga helsetilstand og eventuelle behov for psykisk og/eller somatisk oppfølging tre månadar etter tilkomst til landet. Helseledirektoratet har utarbeida eit skjema for helseundersøking som vert nytta som hjelpemiddel. Helseundersøkinga kan utførast av lege, sjukepleiar eller helsesjukepleiar. Ved helsestasjonen har sjukepleiar og smittevernlege eit nært samarbeid. Det vert gjennomført tidleg kartlegging og anamnese hos sjukepleiar før rutinemessig legeundersøking blir gjennomført innan tre månader. Personar med teikn på sjukdom vert tilvist lege tidlegare. Ved behov for vidare oppfølging vil fastlege bli kopla på. Både barn og vaksne får tilbod om vaksiner. Helsepersonell sørger for tilrettelagt informasjon om rett til helsehjelp, helsetenestene og korleis ein går fram for å få hjelp ved sjukdom.






Psykisk helse

Flyktningar kan ha alvorlege fysiske og/eller psykiske helseproblem ved busetting i kommunen. Noko kjem tidleg fram, medan andre utfordringar ikkje kjem fram før seinare. Flyktningar kan ha vanskelege opplevingar og traume med seg. Posttraumatisk stress-syndrom (PTSD), angst og depresjon førekjem hyppig i denne gruppa. Personar som visar teikn til psykisk sjukdom blir tilvist til undersøking hos fastlege innan tre veker. Personar som visar teikn til meir alvorleg psykisk sjukdom blir tilvist til DPS for snarleg konsultasjon.

Ved behov for oppfølging på grunn av psykiske utfordringar blir psykisk helseteneste i kommunen kopla på. Personar kan sjølv søka om tenester eller bli tilvist av andre kommunale einingar. Psykisk helse kan tilby aktivitet ved dagsenteret i Sandeid og individuell oppfølging.

Tannhelse

Fylkeskommunen har ansvar for den offentlege tannhelsetenesta, som gjeld personar opp til 24 år. Vaksne får i hovudsak tannlegebehandling ved private tannlegeklinikkar. Ved busetting hjelper integreringstenesta flyktningen å bestille seg time hos tannlegen, og første undersøking blir dekkja av kommunen.

Fagområde 2: Helse					
Utfordring	Mål	Tiltak	Ansvar	Tidsperiode	Evaluering
					
1. Psykisk helse Å fange opp psykisk sjukdom, og sikre hjelp til rett tid er vanskeleg. Flyktningane vil handtere det	1. Flyktningane skal få rett hjelp til rett tid. 2. Flyktningane skal kjenne til hjelpetilboda i kommunen.	1. Psykisk helseteneste skal bidra til informasjon om psykisk helse og hjelpetilbod på fellesmøter for	Psykisk helseteneste	2024-2027	Helsekurs blir arrangert for alle som starter ved vaksenopp-læringa



<p>psykiske sjølv og ber sjeldan om hjelp.</p>		<p>flyktingar minimum ein gong i året.</p> <p>2. Tilby samtalegruppe for personar med fluktbakgrunn. Sjekke om dette er eit tilbod som i større grad blir nytta enn individuelle samtalar.</p>			
<p>2. Alkohol-misbruk</p> <p>Eit høgt alkoholkonsum kan for nokre flyktingar vera eit problem. Det kan skuldast kulturforskjellar i drikkemønster, men det kan og vera ein form for sjølvmedisinering. Eit høgt alkoholforbruk har negative helsekonsekvensar som bør førebyggast.</p>	<p>1. Flyktingar skal kjenne til dei norske tilrådingane om alkoholbruk.</p> <p>2. Personar som har eit høgt alkoholforbruk skal få rettleiing og den hjelpa dei treng.</p> <p>3. Det skal vera gode tilbod i kommunen som førebygger eit uheldig drikkemønster.</p>	<p>1. Informere om dei norske tilrådingane om alkoholbruk og hjelpetilbod under kurs i Livsmeistring for alle deltakarar i introduksjonsprogrammet, også for dei som ikkje har dette som obligatorisk element.</p> <p>2. Alle tenester som kjem i kontakt med flyktingar skal ha kunnskap om temaet, og rette fokus på det der det er naudsynt. Me skal tørre å stille spørsmål om drikkevanar.</p> <p>3. Jobbe for at alle som ynskjer det har moglegheita til å delta på aktivitet eller sosiale møteplassar på fritida.</p>	<p>Integreringstenesta, vaksenopplæringa, psykisk helse, fastlegar, helsestasjon</p>	<p>2024-2027</p>	<p>Har ikkje jobba systematisk nok med dette.</p>
<p>3. Fastlege</p> <p>Den generelle mangelen på fastlegar får negative konsekvensar for flyktingar som blir ståande lenge på venteliste. Flyktingane har gjerne behov for</p>	<p>1. Alle flyktingar skal få den helsehjelpa dei treng til rett tid.</p> <p>2. Alle skal ha fastlege kort tid etter busetting.</p>	<p>1. Kommunen skal vurdere talet på listeplassar hos fastlegane opp mot innbyggartal, og vurdere om talet på listeplassar eller talet på fastlegar skal aukast.</p>	<p>Kommunalsjef for helse</p>	<p>2024-2027</p>	<p>Har vært OK, ikkje for lang ventetid. Smittevernlege har tatt i mot ved behov.</p>



helsehjelp kort tid etter busetting, og risikerer å kun få hjelp frå legevakt i akuttsituasjonar.					
---	--	--	--	--	--

Fagområde 3: Kvalifisering og arbeid (vaksne)

Introduksjonsprogram

Introduksjonsprogrammet er kommunen sitt verkemiddel for å kvalifisera busette flyktningar og deira familiesameinte mellom 18 og 55 år. Vindafjord kommune tilbyr etter visse kriterium og etter ei individuell vurdering også introduksjonsprogram for flyktningar mellom 55 og 67 år. Introduksjonsprogrammet er eit kommunalt tilbod og er styrt av introduksjonslova og integreringslova. Formålet er å styrka nybusette innvandrarar si moglegheit for deltaking i yrkes- og samfunnsliv, og deira økonomiske sjølvstende. Kommunen vurderer om personen er i målgruppa for ordninga og fattar eit vedtak om tildeling av program. Introduksjonsprogrammet kan bestå av opplæring i norsk og samfunnskunnskap og arbeids- eller utdanningsretta tiltak. Det skal og innehalda foreldrerettleiing og livsmeistring i eit nytt land. Opplæring og tiltak skal beskrivast og bli grunna i ein integreringsplan som er tilpassa den enkelte deltakar. Programrådgivar ved integreringstenesta har hovudansvaret for koordinering av programmet. Deltakarar i introduksjonsprogrammet har rett på introduksjonsstønad.

Kommunal vaksenopplæring

Vaksenopplæringa tilbyr opplæring i norsk og samfunnskunnskap for busette flyktningar og andre vaksne innvandrarar, samt grunnskuleopplæring for vaksne. Norskopplæringa er på nynorsk. Vaksenopplæringa har tilbod om inntil 30 timar opplæring i veka. Opplæringslova §18-2 gir vaksne rett til førebuande opplæring, FOV. Vaksenopplæringa i Vindafjord kommune gir opplæring i dei fem grunnskulefaga og grunnleggjande ferdigheiter innan nivå tilsvarande 1.- 7. trinn. Vindafjord kommune kjøpar plassar for eksamensretta førebuande opplæring for vaksne, FOV, ved Breidablikk læringscenter i Haugesund. Vaksenopplæringa tilbyr opplæring etter Opplæringslova § 19 5-10 organisering og tilrettelegging av opplæring for vaksne.

Vidaregåande skule

Vidaregåande skule er eit fylkeskommunalt ansvar. Etter integreringslova er det fylkeskommunen som er ansvarleg for opplæring i norsk og samfunnskunnskap for introduksjonsdeltakarar som deltek på vidaregåande opplæring. Fylkeskommunen er ansvarlege for innføringskurs i norsk språkopplæring for unge mellom 16 og 24 år.






NAV



Integreringstenesta er ein del av NAV-kontoret i Vindafjord kommune. Det føreligg ein samarbeidsavtale for organisering av introduksjonsprogrammet mellom NAV og kommunen. NAV Vindafjord-Etne har arbeidsmarknadskompetanse og verkemiddel som kan nyttast inn i introduksjonsprogrammet.

Lokalt næringsliv

Vindafjord kommune har eit rikt næringsliv. Både integreringstenesta og NAV nyttar private bedrifter til praksis og arbeidstrening. NAV Vindafjord-Etne har mellom anna tett kontakt med Fikse næringsforeining og Medvind24 Næringshage om lokalt næringsliv.

Fagområde 3: Kvalifisering og arbeid (vaksne)					
Utfordring 	Mål 	Tiltak 	Ansvar 	Tidsperiode 	Evaluering
<p>1. Overgang til arbeid og utdanning</p> <p>Årsakene er samansatte, men for lågt språknivå, manglande formell eller relevant kompetanse er gjentakande årsakar til at mange flyktningar står utanfor arbeidslivet.</p>	<p>1. 60% av deltakarar i introduksjonsprogrammet skal ha overgang til arbeid eller utdanning (inkludert grunnskule for vaksne) etter avslutta introduksjonsprogram og 80% overgang eitt år etter program.</p> <p>2. Flyktningar skal ha moglegheita til å i større grad kunne praktisera det norske språket på fritida.</p>	<p>1. Arrangere jobbmesse ein gong i året.</p> <p>2. Auka bruk av lønstilskot og mentortilskot.</p> <p>3. Sikre av alle relevante dokumenter er omsett og godkjent t i løpet av introduksjonsprogrammet.</p> <p>4. Tilby introduksjonsprogram for deltakarar over 55 år som har moglegheita til å komma i arbeid.</p> <p>5. Opprette eit konsept for flyktningguide/språkven/mentorfamilie</p>	Integreringstenesta, vaksenopplæring, NAV, frivilligsentral	2024-2025	<p>59% overgang til arbeid eller utdanning</p> <p>Velkomstven har starta opp. Behov for fleire.</p>
<p>2. Praksisplassar</p> <p>Å ha praksisplass i introduksjonsprogrammet er avgjerande for både språkutvikling og for å få arbeidserfaring</p>	<p>1. Alle deltakarar i introduksjonsprogrammet som har eit arbeidsretta løp skal ha minimum ein periode med praksis</p>	<p>1. Gjennomgå kommunen sin samarbeidsavtale med NAV.</p> <p>2. Opprette faste avtalar om språkpraksisplassar.</p>	Integreringstenesta og NAV	2024-2027	<p>9 faste praksisplassar i kommunen. Varierende resultat.</p> <p>Praksiskontakt effektivt for</p>



frå det norske arbeidslivet. Det er framleis utfordrande å ha nok praksisplassar til alle deltakarar.	iløpet av programmet.	3. Tydelegare forventningsavklaringar (språkpraksis – arbeidstrening). 4. Auka bruk av mentortilskot gjennom NAV og utgreie moglegheita for eit kommunalt mentortilskot til språkpraksisplassar. 5. Arrangera informasjonsmøte om praksis for private arbeidsgivarar og informera i kommunen sitt leiarforum minimum annakvart år.			forventningsavklaring.
---	-----------------------	--	--	--	------------------------

Fagområde 4: Barnehage og skule

Barnehage

Barnehageplass vert søkt om der barna bur. Vindafjord kommune har som mål at det skal vera full barnehagedekning og at nybusette flyktningar skal få raskt plass, også utanom ordinært opptak, dersom det lar seg gjer.

SFO

Elevar blir søkt inn på SFO på nærskulen. Dei fleste nybusette vil ha behov for full SFO-plass og ferie-SFO, slik at foreldra kan delta i introduksjonsprogrammet. Ved ledig kapasitet kan nybusette bli tatt inn utanom hovudopptaket.

Grunnskule






Barn i grunnskulealder har rett til å starte på grunnskule snarast mogleg etter busetting. Dei blir tatt inn ved skulekrinsen som tilhøyrar bustad. Det er opplæringslova som fastset retten til opplæring for alle barn i Noreg. Kommunen er plikta til å tilby elevar i grunnskulen særskilt norskopplæring fram til dei har tilstrekkelege kunnskapar til å følgja den vanlege undervisninga. Elevar kan og ha rett på tospråkleg fagopplæring og morsmålsundervisning. Ved behov blir det søkt om at elevar startar i ein klasse lågare enn alder skulle tilseie. Elevar frå 2. klasse kan få tilbod om velkomstklasse ved Ølen skule. Velkomstklassen skal ha tilsette med vidareutdanning i undervisning i norsk for minoritetsspråklege. Det føreligg ein kommunal rettleiar for minoritetsspråkleg opplæring i Vindafjord kommune.

Vidaregåande skule

Vidaregåande skule er eit fylkeskommunal ansvar. Fylkeskommunen er ansvarlege for innføringskurs i norsk språkopplæring for unge mellom 16 og 24 år. Innføringskurset blir heldt på Karmsund vidaregåande skule i Haugesund. Kommunen må vera ein pådrivar for å få unge som kan ha rett på tilbodet til å søka.



Fagområde 4: Barnehage og skule

Utfordring 	Mål 	Tiltak 	Ansvar 	Tidsperiode 	Evaluering
<p>1. God og trygg oppstart i barnehage og skule</p> <p>Den første tida etter busetting er ein svært sårbar fase for både barn og føresette. Dårlig informasjon og samarbeid frå kommunen si side skapar ekstra belastning og utrygghet.</p>	<p>1. Kommunen skal sikre god informasjon for å trygge barn og føresette i oppstarten.</p> <p>2. Det skal alltid nyttast tolk når det er naudsynt for at informasjon skal bli forstått.</p>	<p>1. Integreringstenesta førebur familiane på kva som vil skje ved oppstart i barnehage/skule. Kulturforskjellar er eit aktuelt tema.</p> <p>2. Skule og barnehage skal i større grad bruka tolk eller tilsette med språkkompetanse i møte med føresette og barn. Aktuelle tema er reglar, grenser og forventningar.</p> <p>3. Skule og barnehage skal ha tett kontakt med familiekontakt den første tida.</p> <p>4. Skule og barnehage skal ha ressursar til å ha inntak av nye barn med flyktningbakgrunn gjennom året på ein forsvarleg måte.</p>	<p>Skule, barnehage og integreringstenesta</p>	<p>2024-2027</p>	<p>Fleire saker med skulevegning blir jobba med.</p>
<p>2. Velkomstklasse</p>	<p>1. Det skal opplevast som trygt for elevane</p>	<p>1. Nærskulen skal sikre god samhandling mellom nærskule,</p>	<p>Skule</p>	<p>2024-2027</p>	



<p>Å vera elev ved to ulike klassar og skular kan opplevast utrygt og vanskeleg. Det kan handla om reiseveg, eller det å bli kjend med nye elevar og lærarar. Det er også utfordrande for velkomstklassen å ta inn nye elevar gjennom året, med elevar som då er på ulike nivå. Kapasitet er også ein faktor.</p>	<p>å delta i velkomstklassen.</p> <p>2. Det skal vera eit godt læringsmiljø for alle elevar i velkomstklassen.</p>	<p>velkomstklasse og heimen. Eleven og føresette skal alltid vite kva som skjer.</p> <p>2. Velkomstklassen skal ha ressursar til å ha inntak av nye elevar gjennom året på ein forsvarleg måte.</p> <p>3. Vurdering av korleis opplæringstilbodet skal organiserast vil bli evaluert i 2025</p>			
<p>3. Fulle barnehagar</p> <p>Fleire av kommunen sine barnehagar har ikkje plass til nye barn. Dette gjer det vanskeleg å busette barnefamiljar i ulike bygder, og det er uheldig for familiane å måtte vente lenge på barnehageplass.</p>	<p>1. Barn som blir busett skal starte opp i barnehage så snart som mogleg</p>	<p>1. Utgreie alternativt barnehetilbod for barn som blir busett som flyktningar</p>	<p>Barnehage- og skulesjef</p>	<p>2024</p>	<p>Vurdert som ikkje aktuelt med anna tilbod enn ordinære barnehageplassar.</p>
<p>4. Vidaregåande utdanning</p> <p>For nybusette flyktningar og andre med svake norskdugleikar er tilbod om innføringstilbod med norskopplæring i</p>	<p>1. Kommunen skal vera ein pådrivar opp mot fylkeskommunen for å få til eit tilbod lokalt.</p>	<p>1. Kartlegge kor mange potensielle elevar som har nytte av eit lokalt tilbod dei neste åra.</p> <p>2. Sende formell førespurnad til Rogaland fylkeskommune der</p>	<p>Integreringstenesta og ungdomsskulane</p>	<p>2024</p>	<p>Har hatt tett kontakt med fylkeskomme, men dei har vurdert at det er for få elevar skuleåret 2024/2025. Ny førespurnad</p>



vidaregåande skule lokalisert i Haugesund. Det er lang reiseveg å komma seg til skulen, og frå fleire av bygdene er det ikkje realistisk å busette ungdom på grunn av dette. Ungdom ynskjer å gå lokalt, og søker seg til Ølen VGS sjølv dei ikkje har kompetansen til det.		behovet blir synleggjort.			sendt for neste skuleår.
---	--	---------------------------	--	--	--------------------------

Fagområde 5: Familie og oppvekst

Barnevern

Barneverntenesta fyljer opp busette familiar som har behov for tenesta på lik linje med andre familiar i kommunen. Barneverntenesta jobbar målretta for å utvikle og utvide heimebaserte tiltak, også i familiar der vanskaner er omfattande og omsorgsvilkåra ikkje er tilfredsstillande slik beskrive i lov. Førebygging i denne samanhengen er førebygging av plassering utanfor heimen. For å unngå at busette familiar får ei redsle for kontakt med barnevernet skal barnevernet har moglegheita til presentere seg sjølv direkte til familiar og i felles undervisning i introduksjonsprogrammet.

Familieteam

Familieteamet driv rettleiing av familiar som har behov for det etter helselovgivinga. Det er kjend at å vera foreldre i eit nytt land kan skape mange utfordringar. Foreldre i busette familiar blir oppfordra til å kontakte familieteamet dersom dei ynskjer rettleiing. Andre einingar kan tilvisa familiar vidare til familieteamet.

Familieteamet driv og endringstiltak etter barnevernlovgivinga organisert i ein bestillar/utførar-modell. Tiltaka til familiar med krigs- og fluktraume kan vera omfattande, langvarige og kompliserte.






Helsestasjon

Helsestasjonen sine tenester for familiar og for ungdom blir tilbudd på lik linje til busette flyktningar som befolkninga elles. Det kan dreia seg om rettleiing om kost, søvn, motorikk, trivsel, språk, vekst og utvikling, samt rettleiing om samspel og spørsmål knytt til foreldrerolla.

ICDP



International Child Development Program (ICDP) er eit foreldrerettleiingsprogram som rettar seg spesielt mot foreldre med minoritetsbakgrunn. Målet med kurset er å styrka omsorga og oppveksten for barn og unge. Vindafjord kommune har fleire tilsette som er sertifiserte rettleiarar av ICDP, og det skal gjennomførast kurs for alle deltakarar i introduksjonsprogrammet som har barn.

Fagområde 5: Familie og oppvekst					
Utfordring	Mål	Tiltak	Ansvar	Tidsperiode	Evaluering
					
<p>1. ICDP-kurs</p> <p>Foreldrerettleiing er obligatorisk for deltakarar i introduksjonsprogrammet som har barn. Kommunen nyttar ICDP som kurspakke og har sertifiserte kurshaldarar. Kommunen buset flyktningar med forskjellige språk, som har behov for kurs på ulike tidspunkt. Det er difor utfordrande å sikre at alle får det kurstilbodet dei har rett på.</p>	<p>1. Alle som har rett og plikt til foreldrerettleiing i introduksjonsprogrammet skal ha gjennomført dette i løpet av programtida.</p> <p>2. Kommunen skal så langt det lar seg gjer tilby kurs lokalt som ein sjølv arrangerar.</p>	<p>1. Sertifisera fleire til ICDP-rettleiarar. Gjerne med språkkompetanse på aktuelle språk.</p> <p>2. Gjennomføra tilpassa ICDP-kurs for mindre grupper.</p> <p>3. Ved kapasitet tilby ICDP-kurs til tidlegare busette flyktningar og andre med behov</p>	<p>Integrerings-tenesta, helsestasjon og eventuelt andre tenester</p>	<p>2024-2027</p>	<p>To nye sertifiserte kurshaldarar</p> <p>Fleire grupper gjennomført</p>
<p>2. Betre tverrfagleg samarbeid rundt familiar</p> <p>Det er for mange familiar høg terskel for å søka hjelp. Redsla for barnevernet er stor. Kommunale hjelpeinstansar kjem difor ikkje posisjon til å hjelpa før problema er ganske store.</p>	<p>1. Familiar skal vera kjend med hjelpetilboda i kommunen</p> <p>2. Ulike tenester skal ha eit godt samarbeid rundt flyktningfamiliar som har behov for det</p> <p>3. Tidleg innsats og førebyggjande tiltak skal vera i fokus</p>	<p>1. Bruk av samtykke og stafettlogg er sentralt for å kunne samarbeida på tvers. Integreringstenesta kan oppretta stafettlogg på eit tidleg stadium ved behov.</p> <p>2. Opprette meir samarbeid mellom familiekontaktane i integreringstenest</p>	<p>Integrerings-tenesta, barneverntenesta, familieteamet</p>	<p>2024-2025</p>	



		a og familieteamet. Vurdere om eit ressursteam for fagfeltet er aktuelt. 3. Lage informasjonsvideo om lokal barnevernteneste og familieteamet på fleire språk.			
--	--	--	--	--	--

Fagområde 6: Fritid og samfunnsdeltaking

Fritid

Vindafjord kommune støttar opp om Frivillighetserklæringa. Fritidsaktivitetar er viktig for inkludering og integrering av flyktningar. Integreringstenesta har ansvar for å følgje opp at busette flyktningar får moglegheita til å delta i fritidsaktivitetar. Det er eit ekstra fokus på barn og unge raskt skal kunne delta i aktivitetar dei ynskjer.

Kommunen arrangerar ulike fritidstilbod og aktivitetar gjennom mellom anna biblioteket og frivilligsentralen. Biblioteket er ein lågterskel møtestad for alle innbyggjarar i Vindafjord og derfor også viktig i arbeidet med å busette flyktningar.






Lokale lag og organisasjonar er også sentrale i arbeidet med integrering. Fleire lag har eigne aktivitetar som rettar seg mot flyktningar og andre innvandrar, medan andre har eit generelt fokus på inkludering av alle. Det finnes ulike støtteordningar for dekking av utgifter til fritidsaktivitetar som ulike lag og organisasjonar nyttar.

Frivilligsentralen

Frivilligsentralen bidrar til inkludering i eksisterande fritidstilbod og driftar eigne tilbod. Frivilligsentralen arrangerar ferietilboda "Camp Vindafjord" og "Kongesommar". Tilboda er opne for alle barn i kommunen, men barn av flyktningar blir spesielt oppfordra til å delta. Frivilligsentralen søker om midlar hos ulike stiftingar og offentlege aktørar til ulike prosjekt som kan vera med å sikra deltaking i aktivitetar.

Fagområde 6: Fritid og samfunnsdeltaking



Utfordring 	Mål 	Tiltak 	Ansvar 	Tidsperiode 	Evaluering
1. Valdeltaking Valdeltakinga er ofte lågare i innvadrarbefolkninga samanlikna med befolkninga elles.	1. Fleire med innvandrarakgrun n skal nytta stemmeretten sin ved stortingsvalet i 2025 og kommunevalet i 2027.	1. Arrangere valkurs for nye veljarar i 2025 og 2027.	Integrerings-tenesta og integreringsrådet	2025-2027	
2. Deltaking i aktivitet på fritida Det er ei utfordring å nå ut med informasjon slik at flyktningar deltek på tilboda som finnes i kommunen. Det kan handle om kulturelle forskjellar når det kjem til kor organisert samfunnet er, og eit behov for å skape forståing for innhaldet i aktiviteten.	1. Alle skal kjenna til og kunne delta på fritidsaktivitetar. 2. Kommunen skal inneha kunnskap om kva interesser innbyggjarar med flyktningbakgrunn har når det gjeld fritid.	1. Utarbeide informasjonsbrosjyrar på fleire språk om tilbod i Vindafjord kommune. 2. Gjennomføre ei brukarundersøking for personar med flyktningbakgrunn for å kartlegge behov og interesser for tilbod, og avdekka hinder for deltaking. 3. Undersøke ulike konsept for å rekruttera ambassadørar i flyktningmiljøet som kan vera ein pådrivarar for deltaking fritidsaktivitet. 4. I bygder som skal ta i mot flyktningar inviterer kommunen representantar frå frivillig sektor til møte. 5. Det blir utarbeidd opplegg for å få flyktningar til å delta i frivillighetsarbeidet.	Integrerings-tenesta og Kultur og læring	2024-2025	Nokre få bygder har laga informasjon sbrosjyre Brukerundersøking er gjennomført
3. Frivillig arbeid Frivilligsentralen slit med å skaffe nok frivillige som kan	1. Auka talet på frivillige som er registrert hos frivilligsentralen som ynskjer i bidra i	1. Arrangera eit kurs for frivillige som ynskjer å bidra i integreringsarbeidet	Frivilligsentralen og integrerings-tenesta	2024-2027	Kurs er gjennomført



<p>bidra til ulike typar frivillig arbeid, inkludert oppgåver knytt til integrering. Det er få frivillige som sjølv har flyktningbakgrunn.</p>	<p>integreringsarbeidet.</p> <p>2. Auka talet på frivillige som sjølv har flyktningbakgrunn.</p>	<p>2. Frivilligsentralen kan vera eit bindeledd mellom organisasjonar, festivalar og andre arrangørar som treng frivillige for å få fleire med flyktningbakgrunn med i frivillig arbeid.</p> <p>3. Frivilligsentralen melder behov for frivillige til integreringstenesta som kan oppmoda flyktningar om å melda seg.</p> <p>4. Lage eit årshjul over kva som skjer i dei ulike bygdene, og kontakte grendalag og liknande i forkant for å få med flyktningar på dugnad som ein del av introduksjonsprogrammet .</p>			
<p>4. Flyktningguide /språkven /mentorfamilie</p>	<p>1. Vindafjord kommune skal ha eit organisert opplegg som koplar einskilde flyktningar eller familiar saman med andre innbyggjarar i kommunen</p>	<p>1. Sette ned ei arbeidsgruppe som utviklar eit konsept liknande flyktningguide.</p> <p>2. Søke midlar til prosjektet ved behov.</p>	<p>Frivilligsentralen og integreringsstenesta</p>	<p>2024-2025</p>	<p>Er starta opp</p>

Felles fagområde






Fagområde 7: Tverrfagleg samarbeid

Kommunen har eit tverrfagleg integreringsteam med representantar frå integreringstenesta, vaksenopplæring, skule, barnehage, helsestasjon, barneverntenesta og frivilligsentral. Det tverrfaglege teamet har fire faste møter i året, der ein tar opp relevante tema og problemstillingar. Ved busetting av barnefamiliar blir aktuelle einingar invitert til informasjonsmøte i førekant av busettinga.

BTI-modellen legg grunnlaget for den samanhengande innsatsen i og mellom tenester retta mot gravide, barn, unge og familiar som det er knytt ei bekymring til.



Fagområde 7: Tverrfagleg samarbeid

Utfordring	Mål	Tiltak	Ansvar	Tidsperiode	Evaluering
					
Kompetanse Dette med flyktningar og integrering er eit stort og komplisert fagfelt, men som for mange tilsette berre er ein liten del av arbeidsområdet. Å sikre kompetansedeling er difor viktig.	1. Alle som i sitt arbeid kjem i kontakt med flyktningar skal ha grunnleggande kompetanse om flyktningar og integrering.	1. Arrangera eit årleg kurs for nytilsette med grunnleggande opplæring. Bruke innhald frå «Flyktningkompetent kommune». 2. Inkludere relevant informasjon om flyktningar i opplæringsplanar	Integreringstenesta og einingsleiarar	2024-2027	1 kurs gjennomført






Fagområde 8: Kommunikasjon og bruk av tolk

Som offentleg tenesteytar skal ein informera og rettleia personar med ulike språknivå. Bruk av tolk i offentleg sektor er regulert etter *Lov om offentlige organers ansvar for bruk av tolk mv. (tolkeloven)*. Det er tenesteytaren som har ansvaret for å finne ut om det er naudsynt med tolk og gjennomføre bestillinga. Fleire sektorar har eigne retningslinjer for bruk av tolk. Det gjeld mellom anna helsedirektoratet, utdanningsdirektoratet og NAV. Vindafjord kommune har avtale med Noricom for kjøp av tolketenester. Det er mogleg å bestilla oppmøtetolk, telefontolk og omsetjing av dokument.

Det føreligg ei generell informasjonsplikt hos den enkelte eining. Den som tilbyr tenesta skal informera flyktningane om det dei har behov for av informasjon for å forstå og nyttiggjera seg av tenesta. Den enkelte eining må tilpassa informasjonen til tenestemottakar slik at ein sikrar at innhaldet er forstått.






Fagområde 8: Kommunikasjon og bruk av tolk



Utfordring	Mål	Tiltak	Ansvar	Tidsperiode	Evaluering
					
<p>1. Bruk av tolk</p> <p>Å bruka tolk krev ressursar, kompetanse og rutinar. Dette kan vera nytt for fleire einingar som ikkje har tatt imot flyktningar eller andre framandspråklege tidlegare.</p>	<p>1. Alle einingar skal ha rutinar for bruk av tolk i si eining.</p> <p>2. Alle som har behov for tolk skal oppleva at kommunen stiller med dette når det er naudsynt.</p>	<p>1. Informasjon om bruk av tolk på leiarforum.</p> <p>2. Utvikle ein felles mal for tolkerutinar som gjeld for heile kommunen.</p> <p>3. Alle einingar gjennomgår sine rutinar/opprettar rutinar etter tolkelova § 9.</p>	Einingsleiarar	2024-2025	Felles tolkemaler utarbeida og ligg i compilo

Fagområde 9: Rasisme og diskriminering

Regjeringa har utarbeida ein handlingsplan mot rasisme og diskriminering på grunn av etnisitet og religion, samt ein eigen handlingsplan mot diskriminering av og hat mot muslimar. Planane er tverrfaglege og legg grunnlag for korleis kommunane skal jobba med tematikken. Vindafjord kommune har ikkje lokale planar knytt til dette.

Fagområde 9: Rasisme og diskriminering					
Utfordring	Mål	Tiltak	Ansvar	Tidsperiode	Evaluering
					
<p>1. Forskjellbehandling etter nasjonalitet</p> <p>Det er ei utfordring av ulike</p>	<p>1. Kommunen skal ikkje bidra til forskjellsbehandling i aktivitetstilbod.</p>	<p>1. Kommunen skal ikkje skilje på nasjonalitet i sine aktivitetstilbod eller reklamere for tilbod som</p>	Integreringstenesta, kultur- og læring, servicetorget	2024-2027	Er bevisst på dette



aktørar ynskjer å hjelpe visse nasjonalitetar og ikkje opnar aktivitetar for alle med flyktningbakgrunn		ekskluderar etter nasjonalitet. 2. Kommunen skal framsnakka likebehandling og bidra med haldningsskapande arbeid inn mot lag og organisasjonar.			
2. Diskriminering i bustadmarknaden. Det er ei utfordring at utleigarar kun vil leige ut til ein nasjonalitet	1. Kommunen skal ikkje bidra til diskriminering på bustadmarknaden .	1. Det skal bli gitt tydeleg informasjon til huseigarar frå kommunen om at dei ikkje kan velje kven som blir busett i utleigebustaden. 2. Integreringstenes ta skal sørgje for god oppfølging i bustaden slik at det opplevast trygt for både utleigar og leigetakar.	Integreringstenesta	2024-2027	Er bevisst på dette

Fagområde 10: Negativ sosial kontroll

Negativ sosial kontroll og æresrelatert vald er eit tema som vedkjem alle som jobbar med flyktningar. Alle einingar må ha kjennskap til korleis ein kan førebygge, avdekke og følgje opp dette. Spesialiserte hjelpetenester skal kontaktast ved behov. Kompetanseteamet mot negativ sosial kontroll og æresrelatert vold er eit nasjonalt tverretatleg fagteam som bistår hjelpeapparatet i konkrete saker om tvangsekteskap, kjønnslemlestelse eller andre former for æresrelatert vald.

Fagområde 11: Radikalisering og ekstremisme

Etne kommune og Vindafjord kommune har i samarbeid med politiet utarbeida ein handlingsplan for førebygging av radikalisering og valdeleg ekstremisme. Denne inneheld informasjon om korleis ein kan oppdage, førebygge, møte og følgje opp radikalisering og valdeleg ekstremisme.



Vedlegg

Definisjonar

I denne handlingsplanen er følgjande definisjonar lagt til grunn. Definisjonane er henta frå SNL, UDI om IMDi sine nettsider.

Alternativ mottaksplass

Alternativ mottaksplass er ei ordning for asylsøkarar og andre personar som har rett til å bu i asylmottak, men som ynskjer å bu privat. Ordninga inneberer at ein kommune tar seg ansvaret for å gi eit butilbod og til å følgje opp personen. Det er frivillig for kommunen å ta imot ein person på alternativ mottaksplass.

Asylsøklar

Ein person blir kalla asylsøklar når han eller ho har søkt om vern (asyl) i Noreg og ikkje har fått søknaden sin endeleg avgjort. Ein person er berre asylsøklar frå han eller ho har meldt seg for politiet i Noreg og søkt om vern (asyl), og fram til UDI eller UNE har behandla søknaden og fatta eit endeleg vedtak.

Når asylsøklarar har fått endeleg svar på søknadene sine, blir dei ikkje lenger kalla asylsøklarar. Dersom dei får positivt svar på søknaden, får dei opphaldsløyve som flyktning eller på humanitært grunnlag. Dersom dei får endeleg avslag på søknaden frå UDI eller UNE, må dei reise ut av Noreg.

Avtalt sjølvbusetting

Denne ordninga går ut på at flyktningar som ikkje har fått tildelt ein busettingskommune finn seg bustad sjølv. Flyktningar som finn bustad på eigenhand må ta kontakt med kommunen for å avklara om han eller ho kan bli busett. Det er opp til kommunen å avgjere om personar kan sjølvbusettast eller ikkje. Viss kommunen kan ta imot flyktningen, må kommunen avtale dette med IMDi og kommunen kan godkjenna husleigekontrakten.

Buset flyktning

Ein flyktning er busett når han eller ho kjem til kommunen som har vedtatt å busette han eller ho.

Familieinnvandring



Ein person kan søkje om familieinnvandring dersom han eller ho har nær familie i Noreg. For å få familieinnvandringsløyve må alle krava i regelverket vere oppfylte. Det er ulike krav og reglar som gjeld, avhengig av kva for familiemedlem personen søkjer om familiesameining med.

Dei som søkjer om familieinnvandring er vanlegvis ektefelle eller barn av ein som allereie bur i Noreg. Andre døme er foreldre som har barn i Noreg, dei som skal gifte seg med ein person i Noreg eller er heilsøsken.

Flyktning

Ein person vil få opphaldsløyve som flyktning i Noreg dersom han eller ho har ei godt grunngitt frykt for forfølgning på grunn av etnisitet, avstamming, hudfarge, religion, nasjonalitet, medlemskap i ei spesiell sosial gruppe eller på grunn av politisk standpunkt, eller står i reell fare for å bli utsett for dødsstraff, tortur eller anna umenneskeleg eller nedverdiggande behandling eller straff dersom han eller ho må reise tilbake til heimlandet.

Ein flyktning kan bli busett i kommunen etter å kome til Noreg for å søke asyl og deretter fått opphaldsløyve eller som overføringsflyktning gjennom FN's Høgkommissær for flyktningar (UNHCR).

Innvandrar

Ein person blir rekna som innvandrar når han eller ho flyttar til eit anna land med sikte på å busette seg der. I offentleg statistikk er innvandrarar definert som personar som er født i utlandet av to utanlandskfødde foreldre og som på eit tidspunkt har innvandra til Noreg. Dersom innvandrarar får barn i Noreg blir barna definert som norskfødde med to innvandrarforeldre.

Både flyktningar, asylsøkarar, arbeidsinnvandrarar, familieinnvandrarar og utdanningsinnvandrarar blir rekna som innvandrarar dersom dei flytter inn i landet.

Integreringstilskot

Når ein kommune busett flyktningar følgjer det med eit integreringstilskot. Integreringstilskotet skal dekkja kommunen sine gjennomsnittlege meirutgifter til busetting og integrering av flyktningar. Det skal bidra til at flyktningane snarast mogleg kan forsørgja seg sjølv og ta del i samfunnet. Alle kommunar som busett flyktningar får tilskot etter same satsstruktur og nivå. Satsane er styrt av kva år personen vart busett. Tilskotet blir som hovudregel utbetalt i 5 år. Satsane for integreringstilskotet blir fastsett årleg i statsbudsjettet. Kommunen kan søka om ekstra tilskot for einslege mindreårige flyktningar og flyktningar med nedsett funksjonsevne og/eller åtferdsvanskar.

Kollektiv beskyttelse

Ein person kan få opphaldsløyve i Noreg etter utlendingslova § 34 Kollektiv beskyttelse i en massefluktsituasjon, i situasjonar der regjeringa har avgjort at det føreligg ei massefluktsituasjon. Opphaldsløyve etter utlendingslova § 34 blir gitt for eitt år om gongen og kan fornyast eller forlengast i inntil 3 år



Lenker til aktuelle lovar, strategiar og planar

[Kommuneplan for Vindafjord kommune 2017-2029](#)

[Regjeringens integreringsstrategi 2019-2022](#)

[Lov om introduksjonsordning og norskopplæring for nyankomne innvandrere \(introduksjonsloven\)](#)

[Lov om integrering gjennom opplæring, utdanning og arbeid \(integreringsloven\)](#)

[Helsedirektoratet: Helsetjenester til asylsøkere, flyktninger og familiegjenforente](#)

[Utdanningsdirektoratet: Regelverket for minoritetsspråklige 6-16 år](#)

[Regjeringens handlingsplan mot rasisme og diskriminering på grunn av etnisitet og religion](#)

[Handlingsplan mot diskriminering av og hat mot muslimer](#)